



## Notat

Dato: 20.11.2018  
Arkivsak: 2018/15114-3  
Saksbehandlar: hilrun

---

Til: Utval for opplæring og helse  
Fylkestinget

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Oppfølging av tilleggspunkt til Kvalitetsmeldinga

Fylkesrådmannen viser til tilleggspunkt til sak Kvalitetsmeldinga i møte i OPHE 6. nov.:

«OPHU er bekymret over den høye andelen av voksne som mobber i HFK sine skoler på enkelte fagområder.

Vil peke på endringene i opplæringsloven kap 9A som er at det er lovfestet krav om at skolen skal ha nulltoleranse mot mobbing, etc. Eleven har en individuell rett til et trygt og godt skolemiljø. Da er det viktig med tydelige voksne i skolen.

Ber rådmannen om ei orientering i **kommande utvalsmøte** om hvilke tiltak som er satt i gang og hvordan slike saker blir håndtert.»

Fylkesrådmannen gir med dette ei oversikt over gjeldande prosedyrer knytt til opplæringslova §9A og vil kome med ein kort presentasjon i møtet om tiltak og korleis saker vert handtert etter §9A-5.

Etter endringane i opplæringslova kap 9A i 2017 har Hordaland fylkeskommune revidert retningslinjer for arbeidet med skolemiljøet, jf følgjande prosedyrer i kvalitetsportalen:

- Nulltoleranse og systematisk arbeid etter opplæringslova §§9A-3 og 13-10, med føremål å sikre at skulane arbeider aktivt og systematisk med tiltak som fremjar eit godt skolemiljø og som verkar førebyggjande mot krenking.
- Informasjons- og involveringsplikta oppf §§ 9A-9 og 9A-8
- Aktivitetsplikta etter oppf §§9A-4, 9A-5 og 13-10
  - Aktivitetsplikta presiserer og erstattar tidlegare lovreglar om enkeltvedtak.
- Når tilsette krenkjar, oppf §9A-5
  - Ny §9A-5 inneber skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev. Ved mistanke eller kjennskap til slike hendingar, skal skuleigar varslast.
  - Føremålet med prosedyren er å sikre rutinar for etterleving av aktivitetsplikta gjennom ivaretaking av
    - eleven sine rettar
    - arbeidsrettslege prinsipp, jf prosedyre for behandling av personalsaker.

Fylkesrådmannen sikrar oppfølging av opplæringslova kap 9A gjennom

- Oppfølging av skulane sitt arbeid med læringsmiljø
- Tema på m.a. skulebesøk som oppfølging av kvalitetssystemet, tilsyn ved behov
- Rådgjeving overfor skuleleiinga knytt til enkeltsaker (regionleiar, mobbeombod, HR)
- Samarbeid med og involvering av HR-seksjonen i samband med §9A-5
- Tema knytt til implementering og oppfølging av regelverk på rektorsamlingar og eigne kursrekker om oppll kap 9A
- Årleg skulemiljøkonferanse
- Kartleggingsverktøy og metodikk for arbeid med læringsmiljø (Spekter)
- Malar utarbeidde for prosedyrer i kvalitetsportalen
- Meldingsrutiner og rapportering frå skulane til skuleigar to gonger pr år
- Evaluering og justering av prosedyrer i samband med fylkessamanslåinga
- Deltaking i evaluering i regi av Udir om endringane i kap 9A